

MOSTRASPELET  
2016



# I SLIK EI NATT

Rolf Kristian Larsen • Svein Tindberg • Anderz Eide • Randolf Walderhaug

MANUS Svein Tindberg • REGI Ivar Tindberg • KOMPONIST Kjetil Bjerkestrand • SCENOGRAF/KOSTYMEDESIGNER Gjermund Andresen • KOREOGRAF Tomas Glans

# Kjære publikum

Det er ei stor glede å ta i mot publikum til urpremieren av *I slik ei natt*. Etter tre års planlegging og førebuing er dagen endeleg her. Det er blitt sagt mange gongar før, men det kan ikkje seiast for ofte: Bømlo Teater har ei dugnadsånd og ei skaparkraft utan sidestykke. Ein ting er at 80 skodespelarar har jobba i mange månadar for å fortelja historia som Svein Tindberg har skrivne om Olav Haraldsson, hatt lange dagar i amfiet og gitt fritida si til Mostraspelet. Ein annan er produksjonsapparatet. Omlag 70 personar har vore med å skape denne framsyninga. Det er desse ein ikkje ser, men som gjer det heile mogleg. Me er audmjuke over arbeidet som er gjort, og all tida folk har lagt ned. Tusen takk til kvar og ein.

*I slik ei natt* vidarefører ein sterk speltradisjon på Bømlo. *Kristkongane på Moster* er med sine 31 år eit av dei spela som har vore framført lengst i landet. Mostraspelet er ei merkevare for Bømlo Teater, og me ynskjer å vidareføra arva etter dei som arbeidde fram sogespelet i 1981. Eit teater skal utvikla seg, eit teater skal vere nyskapande samstundes som ein skal ta vare på tradisjonar og sikre fundamentet. Me vonar at *I slik ei natt* vil bidra til at Mostraspelet held posisjon som ein viktig formidlar av lokale og nasjonalhistoriske hendingar.

Me vil takke den kunstnarlege leiinga med Svein og Ivar Tindberg, Gjermund Andresen, Kjetil Bjerkestrand og Tomas Glans for godt samarbeid gjennom heile prosessen. Me er privilegerte som har fått skapa denne framsyninga under dykkar erfarne leiing.

*Me ynskjer alle ei god oppleving i Moster Amfi.*



Linda Hellen  
STYRELEIAR



Øystein Kausrud  
DAGLEG LEIAR

## Utvikling og nyskaping i eit kulturelt og historisk spenningsfelt



Odd Harald Hovland  
ORDFØRAR I BØMLO

Mostraspelet har ei viktig historie å fortelja og den står godt på egne bein. Men for Bømlo har spelet vorte til mykje meir enn eit skodespel. Mostraspelet har mange år vore ein kraftleverandør i eit stadig meir vitalt kulturliv i Bømlo kommune. Spelet har sytt for lokalt initiativ og driv innan scenekunst. Spanningsfeltet mellom profesjonelle skodespelarar og dyktige amatørar har vore ein viktig stimulans for heile kulturlivet i kommunen. Spelet har gitt kompetanse, lyst og glød til å driva utvikling innan kunst og kultur. I ein kommune som Bømlo, der gründerskap og initiativ er sentrale verdiar har spelet vore med og gitt grunnlag for kreativ knoppskyting. Bømlo Teater er ein livskraftig og spenstig organisasjon i dette biletet og ein viktig aktør for Bømlo kommune. Me ser med spaning fram til fortsetjinga og vidare utvikling i dette kraftfeltet.

Hjarteleg velkomne til Mostraspelet 2016 -

# I slik ei natt

Regissør Ivar Tindberg og jeg er brødre. Vi har vokst opp i Oslo, men Moster Amfi og Bømlo Teater har vi begge et nært forhold til. Vår far, Snorre Tindberg, tegnet dette praktfulle amfiet og var her mye i mange år. Når nå Ivar og jeg er blitt bedt om å lage et helt nytt stykke for Moster Amfi er det selvsagt en jobb vi går til med ærefrykt, men også med stor glede. Vi har tradisjonen herfra i blodet, men vi vet alle at teater er mer enn tradisjon, det er liv, det er fornyelse.

Det er modig av Bømlo Teater å velge å gå en helt ny vei etter 31 år med *Kristkongane på Moster*. Kristenretten, som ble presentert her i 1024, er en av de mest betydningsfulle hendelser i norsk historie. Den grunnlov vi har i Norge i dag er klart bygget på de lover som Olav ga oss på Moster, og når vi nå splitter kirke og stat så er det hans tanker vi kjemper med. Likevel var det første jeg tenkte da jeg begynte dette arbeidet at jeg ville løsrive stykket fra Moster. Jeg ønsket å se på Olav Haraldssons vei fram til han sto her og la fram et helt nytt menneskesyn for sitt folk.

Det å gi et sant historisk bilde av vår store helgen er umulig. Vi vet selvsagt en del om ham, men fakta er blandet med legender. Olav den hellige blir så ofte fremstilt som en blodig viking som bare brukte kristendommen for å vinne seg makt. For oss er dette bildet både unyansert og kjedelig. Vi har ønsket

å ta omvendelsen på alvor og har valgt å fokusere på endringen Olav gjennomgikk.

Jeg har hatt hovedansvar for skrijving og Ivar for regi, men teater er samarbeid og vi har jobbet tett for å få dette til. Vi har også vært svært heldige å få med oss de aller beste krefter både på scenen og i apparatet rundt.

Vårt håp er at vi med *I slik ei natt* kan lage moderne teater i mysteriespillets ånd.

*Svein Tindberg*



# Handlinga

*I SLIK EI NATT fokuserer på vikingkongen og legenda Olav Haraldsson, både før, medan og etter at han presenterte kristenretten på Mostratinget i 1024. Denne hendinga for snart eitt tusen år sidan markerer det store sédskiftet i norsk kultur: overgangen frå norrøn- til katolsk rettspraksis. Stykket har ei dramatisk og spanande oppbygning, der handlinga utspeler seg på fleire stader og i ulike årstal. Hovudsetet er på Moster, og elles er me i Greenwich i England, Cádiz i Spania, Rouen i Frankrike og kongsgarden i Borg.*

## 1. AKT

**MOSTER 1030.** Det er natt og storm på Moster. Den unge kvinna Gyril fortel far sin, Sigurd, at det ligg ein framandbåt nede i hamna, og fleire av mennene spring for å finne ut av kva som føregår. I kyrkja sit det ein mann med spyd. Når mannen byrjar å skjere laus kyrkjeklokka tar ho til å ringje og folket på Moster strøymer til. Mannen er Tore Hund og det han har å fortelje folket gjer dei sjokkert og rasande.

**MOSTER 1011.** Me drar 19 år tilbake i tid. Borna på Moster er ute og leikar, og undervegs lærer Tora dei historiene bak reglene deira. Gyril sit og ser på og mora hennar, Ragnhild, kjem ut til dei. Når ungane spring for å leike gøyme og telje, har Gyril og Ragnhild ei stund i lag.

**MOSTER 1011 OG ENGLAND 1011.** Ragnhild prøver å roe Gyril ned med og blant anna gå gjennom alle dei ulike urtene ho har sankt. Samstundes som dette føregår, følgjer med hendingar i England. På scenen vekslar handlinga mellom desse to stadene. Olav, Rane og deira menn er i ein vinterleir i Greenwich, England. Sigurd, Tord og deira menn er óg der. Dei får besøk av Torkjell Høge som kjem med sine menn og trælen Omar. Dei har vore hos kong Ethelred og krev løysepengar for å ikkje å angripa han. Etter kvart blir Alfegus, Erkebiskopen av Canterbury,

ført inn til dei. Alfegus har vore fangen til Olav dei siste sju månadane. Det oppstår ein konflikt mellom Olav og Sigurd.

**MOSTER 1011.** Tord og fleire av mennene på Moster kjem heim frå England. Tord har med seg ei gåve til folket, boren av trælane Aasim og Omar. Gáva er ei kyrkjeklokke, *Kristi Malmrøyst*, som dei heng opp i kyrkjetårnet. Åsmund har med seg Darling som gåve til sin familie. Ho skal hjelpe til heime hjå han og kona Jorid.

**MOSTER OG CÁDIZ 1013.** Handlinga vekslar mellom folket på Moster og mennene som er i båtar på havet utanfor Cádiz. Mennene opplever den verste stormen dei har vore med på og gjer sitt beste for å overleve. Heime på Moster kan Gyril sjå for seg alt som føregår og vil ringje med kyrkjeklokka for å varsle fare, medan familien hennar prøver å roe henne ned. Med eitt kan ein høyre kyrkjeklokka ringje både i Cádiz og på Moster, og mennene bestemmer seg for å setje kurs mot lyden.

**CÁDIZ 1013.** Olav og resten av mannskapet ligg utsletne på ei strand i Cádiz. Assia, ei lokal kvinne kjem rundt med varm drikke. Etter kvart sovnar Olav og mennene hans, men Olav søv uroleg og får i draumane besøk av Alfegus, Sankt Sunniva og Olav Tryggvason. Dei fortel at han skal reise tilbake til Noreg for å fullføre gjerninga til Sankt Sunniva og Olav Tryggvason om å kristne landet.

## 2. AKT

**ROUEN 1014.** Me er i den store katedralen i Rouen. Olav skal døypast. Rane og Sigurd er der og ser på. Rane liker ikkje vegen Olav no tar.

**MOSTER 1015-1016.** Gyril og Omar kjem nærare kvarandre. Når faren og broren hennar kjem inn, forbyr faren Gyril å sjå Omar. Gyril vert sint og seier at han ikkje hadde vore i live om det ikkje var for Omar.

**KONGSGARDEN I BORG 1016.** Olav og ein ung mann, bisp Grimkjell, trener med våpen under leiing av Rane. Dei får besøk av to brør frå Langøya i Hadsel, Gunnstein og Karle, som gir kongen nye opplysningar om Tore Hund og støttespelarane hans.

**MOSTER 1024.** Mostratinget går mot slutten og på sletta ventar blant anna Sterke-Ravn, Bror, Jorid og Tora for å høyre kva tinget har kome fram til. Medan dei ventar kjenner Jorid at vatnet går og Tora må hjelpe henne ut. Når mennene kjem ut frå tinget fortel dei om dei nye lovane, noko som vert møtt med misnøye frå folket som ikkje vil verte fortalt korleis dei skal leve og oppføre seg. Sterke-Ravn og Bror kjem springande. Dei fortel at Åsmund ser det er noko gale med jenta og vil sette ho ut for å døy. Han kan ikkje sjå at ho kan få eit god liv. Olav stoppar han. Olav gir henne namnet Kristina og barnet vert døypt av bisp Grimkjell.

**MOSTER 1030.** Me er tilbake der me starta. Tore Hund står oppe i kyrkjetårnet og snakkar til folket på Moster. Det han fortel gjer dei sjokkert og rasande, men presten får roa dei ned. Han ber dei om å gå slik at han kan snakke med Tore åleine. Tora kjem ned til dei i lag med Kristina som no er seks år gammal. Tora og presten snakkar med Tore i lag. Kan dei få Tore Hund til å endre meining?



# MOSTRASPEL i ny drakt

Det er med stor glede at Bømlø Teater på ny kan invitere til urpremiere i Moster Amfi!

Svein Tindbergs *I slik ei natt* viser det unge kongsemnet Olav Haraldsson gjennom hans reise frå nådelaus viking og drapsmann, til den kristne legenda seinare kjend som *Rex perpetuus Norvegiae*, Noregs evige konge. Kristenretten som Olav Haraldsson heldt på Moster i 1024 definerte Noreg som rettsstat i overgangen frå norrøn- til kristen religion og samfunnsform, og innlemma Noreg i det moderne, katolske Europa.

I 1984 var det urpremiere for sogespelet *Kristkongane på Moster*, på folkemunne kalla Mostraspelet. Bak denne storslegne kulturhendinga stod framsynte innbyggjarar som kjente Bømlø sin plass i Snorres Kongesoger og Gulatingslova, og som såg at den nedlagte marmorgruva ved den 900 år gamle kyrkja på Moster kunne bli teaterarena for vår lokale historie av nasjonal verdi.

Då Bømløteateret i 1981 fekk ansvar for oppbygging av eit sogespel bygd på historiane frå Moster i tidleg middelalder, vart Snorre Tindberg, teknisk sjef ved Det Norske Teatret, engasjert for å lage ein modell av Moster Amfi. Til urpremieren framsto den gamle marmorgruva som eit amfiteater etter Tindberg sine teikningar og gresk mønster. Anne Gullestad hadde regien på Johannes Heggland si vemodige kjærleikssoge, og Kjell Habbestad komponerte den storslegne musikken. Lokale amatørskodespelarar fekk møte profesjonelle frå institusjonsteatera. Det inspirerte mange, både på og bak scenen, og det er liten tvil om at dette har stimulert til det aktive teater- og kulturnivået i Bømlø i åra etter.

Etter initiativ frå teateret vart det i 1995 feira 1000-årsjubileum på Moster for Kyrkja i Noreg. Til den største økumeniske samlinga på norsk jord kom kongepar og statsminister, eit samla norsk bispekollegium, geistlege frå heile Europa inkludert kardinalar frå Vatikanet og patriarken frå Konstantinopel.

155.000 menneske har sett *Kristkongane på Moster* gjennom dei 31 åra det har vore framført. Med tanke på at det i 2024 vil vera 1000 år sidan den første norske Kristenretten vart sett på Moster, vedtok Bømlø Teater i 2013 å bygge opp ei heilt ny framsyning, denne gongen basert på Heilag Olav si dannelsesreise og kristenretten på Moster anno 1024. Slik tek Bømlø Teater atter på alvor den oppgåva teateret har som historieforteljar på ei lita vestlandsøy der land og lov vart forma gjennom fleire hendingar for 1000 år sidan. Me er klare til nytt jubileum!

*I slik ei natt* føregår på Moster, i England, i Frankrike, om bord på skipa, på Selja og i Cadiz. Alle er stader som ifølge kjeldene var avgjerande for Heilag Olav si danning. Tindberg har på meisterlig vis gjort problemstillingane like relevante for oss i dag som for menneska den gong, anten det gjeld tru eller menneskeverd. Og låtten sit laust; vågal humor er fint fletta saman med grunning over eksistensielle spørsmål om tru, liv og død.

Ensemblet består av ei handfull profesjonelle skodespelarar og 80 amatørar. Seks musikkarar står under leiing av komponisten sjølv, medan det bak scenen er 70 personar i sving for å få skipet til å fly.

*Brynjar Stautland*

# Tradisjon og fornying går hand i hand

Ei av dei største gledene med arbeidet som direktør for Festspillene i Bergen, er å oppleve den store interessa for kunst og kultur i heile regionen. Me har difor styrka innsatsen vår utanfor Bergen i ei rekkje «satellittar» der me møter ei særleg interesse for, saman med Festspillene, å bidra til kulturell samanhengskraft i regionen.

Det har ikkje gått meg forbi at Moster Amfi, Bømlo Teater og Mostraspelet er sterke kulturinstitusjonar i denne regionen. Eg er difor stolt av at me igjen i år har ein Festspill-satellitt i Moster Amfi saman med sentrale aktørar og formidlarar av scenekunst med stolte tradisjonar.

Ein av mine kunstnariske kongstankar er at me må fornye tradisjonen for å bevare han. Det er difor med spesielt stor forventning at Festspillene er med på skapinga av eit nytt verk når *I slik ei natt*, skriven av Svein Tindberg, vert urframført på det nyrenovertede anlegget. På vakraste vis ser me tradisjon og fornying gå hand i hand, når arrangørane presenterer to sogespel om to så viktige, historiske hendingar på ein stad.



Mostraspelet skildrar historiske hendingar som *Snorres kongesoger* fortel om. Olav Tryggvason gjekk i land her og byrja kristninga av Noreg. Her sat Olav Haraldsson kristenretten, som er ei av dei viktigaste hendingane i danninga av Noreg som stat slik han er i dag. Moster har med andre ord tyding i både lokalhistorisk og nasjonal samanheng.

Eg ynskjer alle publikummarar og medverkande fantastiske opplevingar med årets sogespel!



*Anders Beyer*

DIREKTØR FOR FESTSPILLENE I BERGEN

## Om Festspillene:

Festspillene i Bergen er den største musikk- og teaterfestivalen i Norden, og presenterer kunst i alle sjangrar – musikk, teater, dans, opera og biletkunst. I 2016 finn festivalen stad mellom 25. mai og 8. juni, med over 300 arrangement på over 40 scener i og utanfor Bergen.

[www.fib.no/](http://www.fib.no/)

# Dei som er med i MOSTRASPELET 2016

## LEIANDE ROLLER:



### ROLF KRISTIAN LARSEN (OLAV HARALDSSON)

Rolf Kristian er utdanna skodespelar ved KHIO. Han er no engasjert ved Det Norske Teatret og har tidligare arbeida ved mellom anna Nationaltheatret og Haugesund Teater. Rolf Kristian har gjort ei rekkje store tv- og filmroller, og er kanskje mest kjent som Jarle Klepp i filmatiseringa av Tore Renberg sine bøker.



### SVEIN TINDBERG (TORE HUND)

Svein ein av våre fremste skodespelarar og har jobba ei årrekkje ved Det Norske Teatret. Han har òg vore ved Nationaltheatret, Trønderlag Teater og Riksteatern i Sverige. Svein har gjort stor suksess med framsyningane *Markusevangeliet*, *Apostlenes gjerninger* og *Abrahams barn*, som han sjølv skrev manuset til. Han hadde i fleire år regi og spelte i *Kristkongane på Moster*. Svein debuterer som dramatikar med *I slik ei natt*.



### RANDOLF WALDERHAUG (RANE)

Randolf har jobba som skodespelar sidan 1984 og har vore fast tilsett ved Den Nationale Scene og Teatret Vårt i Molde, og spelt på dei fleste av teatera i landet. Han er no frilansar basert i Oslo og er aktuell med filmene *Kongens nei* og *Kings Bay*. I haust skal han ha regi på *Namnet* av Jon Fosse på Hordaland Teater. Randolph har tidligare spelt både Olav Tryggvason og Olav Haraldsson i *Kristkongane på Moster*.



### ANDERZ EIDE (SIGURD)

Anderz er frå Hålandsdalen og er utdanna ved Bergen Teaterskule. Han har jobba ved ei rekkje teater i Noreg som Den Nationale Scene, Oslo Nye Teater og Det Norske Teatret, og er kjent frå tv-seriar som *Frikjent*, *Kampen for tilværelsen*, *Øyevitne* og *Det tredje øyet*. Han er aktuell med den svenske thrillerserien *Svartsjön* som kjem på TV3 til hausten.



### KADIR TALABANI (OMAR)

Kadir har si skodespelarutdanning frå The International Theater Academy of Norway (TITAN), og frå Det Norske Teatret si utdanning - Det Multinorske. Sidan har han jobba ved Det Norske Teatret og spelt i framsyningane *Elva som deler byen*, *Kven er Redd* og *Andre Verdskrigen - Natt i verda*.



### NINA SELE (JORID)

Nina er utdanna skodespelar ved NISS og har jobba ved mellom anna Haugesund Teater, Bømlo Teater og Scenekraft. Nina er frilansar og har oppdrag som skodespelar, regissør og manusforfattar. Heile 18 gongar har ho vore med i *Kristkongane på Moster*, dei siste åra i rolla som Gunnbjørg.





### GEIR ERLAND (ÅSMUND)

Geir er bømbling og syslar både med musikk, dikt og teater. Han har mange aktive år bak seg i Bømlo Teater og har mellom anna spelt storbonde i *Kristkongane på Moster*, røvar i *Kardemommeby* og politimann i *West Side Story*. Han var sist sett som kaptein Krok i *Peter Pan*.



### INGUNN ROLFSNES (TORA)

Ingunn har vore del av Bømlo Teater sidan 1992. Ho har gjort mange ulike roller i *Kristkongane på Moster*, mellom anna Gamle Gunnbjørg. For mange er Ingunn mest kjent som mormor i *Julehuset*.



### NINA MELDAHL OLSEN (RAGNHILD)

Nina er frå Stord med røter frå Bømlo. Ho har tidlegare vore med i revyar både på Stord og i Haugesund, og sidan midten på 90-talet har ho vore aktiv i Bømlo Teater. Ho har i fleire år gjort Torbera i *Kristkongane på Moster* og har hatt regi på teateret sine framsyningar *Brytningstid* og *Storm frå Nordvest*.



### VILDE STOKKE (GYRIL)

Vilde har vore med i teateret sidan ho var sju år gamal og spelt i framsyningar som *Kristkongane på Moster*, *Les Miserables*, *Chess* og *West Side Story*. Ho har òg gjort rolla som Annika under Pippifestivalen i Skånevik.



### ERIK LARSEN (TORD)

Erik har vore med i *Kristkongane på Moster* i mange år trass sin unge alder. Han har spelt i fleire andre av Bømlo Teater sine produksjonar, mellom anna *Jesus Christ Superstar*, *Zero to Hero*, *Julehuset* og *Pippi*. Rolla som Tommy har han gjort både på Bømlo og på Pippifestivalen i Skånevik.



### BRYNJAR STAUTLAND (OLAV TRYGGVASON/PRESTEN)

Brynjar er skodespelar, forfattar, filmskapar og musikar frå Bømlo. Brynjar har 29-års fartstid i *Kristkongane på Moster*, lengst i rolla som Olav Tryggvason, 1998-2015. Han har gjort fleire roller i tv- og filmproduksjonar og vore ved Haugesund Teater i framsyningane *Hallo - adjø* og *Narnia*.



### MARIANNE GRØNNEVIK (DARLING)

Marianne har vore ein del av revymiljøet på Bømlo sidan 2002. I Bømlo Revylag har ho vore både aktør og tekstforfattar. Med Bømlo Teater har ho gjort Tante Sofie i *Kardemommeby*, Billy i *Peter Pan* og er i år med i sitt første Mostraspel.



### ØYSTEIN KAUSRUD (TORKJELL HØGE)

Øystein er utdanna ved Bårdarakademiet og har jobba ved mellom anna Det Norske Teatret, Kilden Teater- og konserthus, Edderkoppen Teater, Akershus Teater, Haugesund Teater og Christiania Teater. I tillegg til å vera skodespelar er han dagleg leiar i Bømlo Teater.



### **Skodespelarar**

Bisp Grimkjell: Heine Larsen  
 Alfegus: Johannes Hjelland  
 Iver: Thomas Larsen  
 Gard: Torgeir Steinsland  
 Gudmund: Torleif Stokke  
 Sterke-Ravn: Frode Larsen  
 Bror: Steinar Halleraker  
 Tov: Øyvind Marsteen  
 St. Sunniva: Emma R Sele  
 Assia: Eldbjørg Våge Krukhaug  
 Karle: Heine H Valvatna  
 Gunnstein: Finn Daynes  
 Gisle Iovseiemann: Vermund Trohjiell  
 Assim: Girmay Tkabo

### **Menn på Moster**

Magne Esperø  
 Ole Kristian Grindheim  
 Sigurd Hus Bråthen  
 Knut Nordbø  
 Knut Tharald Meling  
 Svein Bjarne Brandtsgård  
 Petter Tveit  
 Heine H Valvatna  
 Sigurd Emil Sele  
 Leif Magne Fylkesnes  
 Svein Konrad Sjørusen  
 Jan Skimmeland  
 Paul Harrison

### **Kvinner på Moster**

Vigdis Skippervik  
 Audny Gjelsvik Johnsen  
 Reidun Torvund Hamre  
 Gro Anita Meling  
 Gerd Turid Røksund  
 Indre Gustaityte  
 Gina Aasheim  
 Hedda G Håvik  
 Ingrid Vespestad Aga

### **Olavs menn**

Raymond Erslund  
 Christian Håvik  
 Petter Lied  
 Martin Vika

### **Torkjells menn**

Vegard Enerstvedt  
 Øystein Grønnevik  
 Christian Løking  
 Magnus H Valvatna

### **Fektere**

Raymond Erslund  
 Petter Lied  
 Martin Vika  
 Øystein Grønnevik

### **Soldater**

Paul Harrison  
 Svein Gjerde  
 Christian Løking  
 Christer Agasøster

### **Kvinner England**

Karoline Steinsvåg  
 Andrea Dahl  
 Renate Hamre  
 Anna Rusten Moldøen

### **Prester**

Leif Magne Fylkesnes  
 Sigurd Emil Sele

### **St Sunniva jenter**

Anna Rusten Moldøen  
 Karoline Steinsvåg  
 Kajsa Røksund  
 Andrea Dahl  
 Linda Birgitte Molandstø  
 Ingrid Vespestad Aga  
 Gina Aasheim  
 Hedda G Håvik

### **Barneroller**

Siv: Kajsa Røksund  
 Eirik: Benjamin Ekeberg  
 Magnus: Even Rolfsnes Waage  
 Audun: Knut Røksund  
 Gjermund: Alberts Alksnis  
 Sigrid: Ylva Våge Bjørklund  
 Kristina: Rebekka Halleraker  
 Aslaug: Tiril Hoff Gilje  
 Alfhiild: Amalie Vespestad Aga  
 Trude: Erika Harrison  
 Torebrak: Max Brynjarsson Espeland  
 Vesle Åsmund: Brage Brynjarsson Espeland  
 Håkon: Håkon Hoff Gilje  
 Åsta: Karina Halleraker  
 Ingrid: Linda Birgitte Molandstø

### **Kor**

Knut Nordbø  
 Svein Konrad Sjørusen  
 Svein Bjarne Brandtsgård  
 Magnus H Valvatna  
 Sigurd Emil Sele  
 Heine H Valvatna  
 Leif Magne Fylkesnes

### **Guttekor**

Knut Røksund  
 Håkon Hoff Gilje  
 Alberts Alksnis  
 Benjamin Ekeberg  
 Noah R Andersen  
 Kasper Alsvåg

# Teknisk/produksjon

## Musikarar

Tangentar: Kjetil Bjerkestrand  
Perkusjon: Helge Norbakken  
Bratsj: Trond Husebø  
Fløyte: Bjørnar Habbestad  
Bass: Frode Kvandal  
Gitar: Jonas Selås Olsen

## Produksjon

Manus: Svein Tindberg  
Regi: Ivar Tindberg  
Komponist: Kjetil Bjerkestrand  
Scenograf/kostymedesigner: Gjermund Andresen  
Koreograf: Tomas Glans  
Kampinstruktør: André Danielsen  
Regiassistent: Nina Sele  
Regiassistent/sufflør: Birte V A Rolland  
Inspisient: Ingeborg Uglund  
Inspisient born: Johanne G Håvik  
Inspisient musikarar: Silje Alvsvåg  
Lyd: Lasse Eriksen, Norstage  
Lyddesign: Kjetil Bjerkestrand  
Myggansvarleg: Hanne Jacobsen  
Korinnstudering: Runa Våge Krukhaug

Produsent: Øystein Kausrud  
Produksjonsleiar: Maren Laurhammer Gilje  
Teknisk sjef: Joachim Mathiassen  
Kostyme: Elisabeth Bogen  
Rekvisitt: Irene Grasdal, Kirsten Strand  
Maske: May Liss Larsen  
Personal: Cathrine Nesse Aakre, Vanja Espeland, Gunn Læg Reid Haldorsen  
Økonomi: Kjell Arne Røksund  
PR: Birte V A Rolland, Øystein Kausrud, Kjell Arne Røksund, Kristine Sele  
Innkvartering: Unni Seim  
Vertskap: Sissel Johannessen

## Kostyme

Elisabeth Bogen  
Eva Hodnefjell  
Karin Halleraker  
Målfrid Aga  
Ingrid Fylkesnes  
Marta Serine Kolstø  
Bømlo Husflidslag  
Jan Samuel Gardner  
Sissel Nielsen Mæland  
Bømlo Husflidslag

## Teknisk

Joachim Mathiassen  
Martin Vika  
Steinar Halleraker  
Dag Bøthun  
Øystein Gjerde  
Bjørnar Aadland  
Egil Stølen  
Tore Alvsvåg  
Leif Magne Fylkesnes  
Marko Teuber  
Vegard Mathiassen  
Rune Aga  
Erling Aga  
Raymond Ermland  
Sigurd Lars Haldorsen  
Trygve Haldorsen  
Nils Himle

## Rekvisitt

Irene Grasdal  
Kirsten Strand  
Karoline Gilje

## Maske

May Liss Larsen  
Cecilia Thormodsæter  
Dordi Hjelldal  
Cecilie K Grønås  
Katrine H Rydningen  
Eirin Totland  
Sunniva Stokke  
Kristina Knutsen



## Vertskap

Sissel Johannessen  
Cathrine Nesse Aakre  
Johan Kr. Nesse  
Gunn Læg Reid Haldorsen  
Sigurd Lars Haldorsen  
Torunn Haldorsen  
Trond Haldorsen  
Linda Hellen  
Nils Himle  
Jan Harald Larsen  
Jan Leversund  
Talette Lidal  
Knut Martens  
Joachim Mathiassen  
Kjell Arne Røksund  
Unni Seim  
Kristine Sele  
Kjell Olav Skaret  
Tormod Sønstabø  
Trine Vangen  
Jenny Anderå

*Takk til alle frivillige eldsjeler, dei tilsette i Moster Amfi, André Danielsen for godt samarbeid i førebuingane, Ingeborg Øien Thorsland, Mange Langåker og Finn Bakke for foto, Hans Martin Torkelsen for lån av Dahlaneset, Gruveprosjektet for utlån og hjelp og heile Mostrabygda som tek godt imot oss år etter år.*

# Musikken

En av de store utfordringene med å lage musikk til *I slik ei natt*, er at handlingen foregår parallelt på forskjellige steder. Musikken skal være med på å tydeliggjøre hvilket sted vi befinner oss, det være seg Moster, England, Cadiz eller Rouen.

Musikken består delvis av ostinater, det vil si gjentakende lydmønster, som man kan kalle tilstander. Mange av ostinatene er korte motiver, hvor hensikten er å beskrive hvor vi er, eller hva slags tilstand vi er i. Musikken er selvstendige stykker som kan brytes ned til enkelte bestanddeler, eller spilles samlet, alt etter hva vi skal beskrive. Under mye av dialogen ligger det musikk, såkalte "underscores" og da kan ikke musikken være for kompleks eller ta for mye plass. Instrumenteringen i orkesteret er vokal, fløyter, bratsj, gitar, bass, perkusjon, tangenter og elektronikk.

I tillegg til denne tilstandsmusikken, er det noen sanger. Noen av motivene fra sangene er brukt som bestanddeler i underscorene, da med gjerne spilt av andre instrumenter. Slik ønsker jeg at musikken skal bli en helhet og bli gjenkjennelig for publikum.

*Kjetil Bjerkestrand*



KOMPONIST

***Kjetil Bjerkestrand***

Kjetil er utdanna ved Musikkhøgskulen og er ein av dei mest renommerte komponistar og musikarar i Noreg. Han har komponert, produsert og skrive musikk for artistar som Ray Charles, Dee Dee Bridgewater, A-HA, Arve Tellefsen, Sissel Kyrkjebø, Herborg Kråkevik, og for orkester som KORK, Oslo Filharmoniske, Bergen Filharmoniske, Trondheim Symfoniorkester og ei lang rekke andre.

Kjetil har komponert musikk til mange kinofilmar og tv-seriar, mellom anna *Veiviseren*, *Hodet over vannet*, *Gurin med reverompa*, *Ti kniver i Hjertet*, og for teaterframсыningar som *Macbeth*, *Herregårdsspelet* og *Peer Gynt*. Han har vore musikar på ei rekke plateinnspelningar og gav i 2010 ut sitt første soloalbum *Piano Poems - Una Corda* på Kirkelig Kulturverksted. Me er stolte over å ha han som komponist for denne urpremieren.

REGISSØR

## Ivar Tindberg



Ivar er teater- og operaregissør og har hatt oppgaver ved dei fleste større scenane i Noreg, mellom anna Oslo Nye Teater, Den Nationale Scene, Det Norske Teatret, Rogaland Teater og Den Norske Opera og Ballett. Han har òg vore dramaturg ved Nationaltheatret og Trøndelag Teater, dramatisert fleire bøker for scene og skrive tekst til opera- og musikalframsyningar. Som dramatikar debuterte han i 1991 med *Ibsens Barn* på Trøndelag Teater med Catrine Telle. Han har vunne Komiprisen for beste framsyning tre gongar for *Til Elise?*, *Klassisk hærverk* og 2012 *Overturen*, alle med Ingrid Bjørnov. I 2000 mottok han og komponisten Gisle Kverndokk Prix Italia for beste musikkdramatikk for radio for *Bokken Låsson - Sensibel Suksess*. Det er første gongen Bømlo Teater har gleda av å ha Ivar som regissør.

SCENOGRAF/KOSTYMEDESIGNER

## Gjermund Andresen



Gjermund er ein etablert scenograf og kostymedesignar og har utdanninga si frå Liverpool Institute for Performing Arts (LIPA). Sidan 2004 har han gjort over 50 produksjonar ved mellom anna Rogaland Teater, Det Norske Teatret, Oslo Nye Teater, Den Norske Opera og Ballett, Riksteateret og Den Nationale Scene. Andresen er ein visjonær kunstnar. Han er rett mann for Bømlo Teater då han er kjent for sitt arbeid med store sceniske format.

KOREOGRAF

## Tomas Adrian Glans



Tomas Adrian Glans er koreograf og regissør, utdanna ved The London Studio Center og Millenium Dance 2000. Han arbeidar mykje både i Noreg og Sverige og har vore engasjert ved mellom anna Det Norske Teatret, Rogaland Teater, Edderkoppen Teater og ved Chinateatern og Oscarsteatern i Sverige. I tillegg har han arbeida med fleire store tv-produksjonar. Det er ei glede for Bømlo Teater å ha Tomas som del av den kunstnarlege leiinga for framsyninga.

PROGRAM FOR

# MOSTRASPELSHELGA



## Fredag 27. mai

- 11.00 MOSTRASPELET - *I slik ei natt*  
Skuleframsyning i Moster Amfi.
- 16.00 Opning av kunstutstilling i Tollhagen.  
Kunstnar er Janicke Jansen.
- 18.00 MOSTRASPELET - *I slik ei natt*  
Urpremiere i Moster Amfi.
- 21.00 Strandhogg i Mostratunet med  
Rein Underholdning.

## Laurdag 28. mai

- 14.00 *Litle Torolv*. Familieteater. Miniamfiet.
- 14.30 Barnekoret Lydius syng i Tollhagen.
- 14.30 *Sverdet og krossen*.  
Teaterframsyning. Moster gamle kyrkje.
- 15.00 Toratreff i Amfisalen. Utdeling av Tora  
Mostrastongprisen 2016 til Maria  
Parr. For meir om programmet sjå:  
toramostrastong.no
- 16.00 *Litle Torolv*. Familieteater. Miniamfiet.
- 18.00 MOSTRASPELET - *I slik ei natt*  
Framsyning i Moster Amfi.
- 21.00 Dans på Dahlaneset.  
Musikk ved Arvid Mikkelsen.

## Sundag 29. mai

- 13.00 Gudsteneste i Moster Amfi.
- 14.30 *Sverdet og krossen*.  
Teaterframsyning. Moster gamle kyrkje.
- 15.00 Moster 2024 - seminar i Amfisalen.  
Foredrag ved professor Jørn Øyrehagen  
Sunde, Det juridiske fakultet UiB.
- 16.00 *Litle Torolv*. Familieteater. Miniamfiet.
- 18.00 MOSTRASPELET - *I slik ei natt*  
Framsyning i Moster Amfi.

## Andre aktivitetar:

- Vikingklubben frå Karmøy  
lager stemning på Moster.
- Servering i Tollhagen ved Bømlo Kunstlag.
- Mostraspelsutstillinga i år er ved  
Reidunn Oanes Falkeid. Den kan  
de sjå i Amfisalen frå 21.05-19.06.

Billetter til Mostraspelet kan du kjøpa på  
**billettsevice.no** og **bomlo.net**.

Billetter til andre arrangement kan du kjøpa  
på **bomlo.net** eller ved inngang.

BØMLO TEATER SINE  
HOVUDSPONSORAR ER:



**Finnås Kraftlag**



**Eidesvik**



BREMNES SEASHORE



WÄRTSILÄ

Bømlo utmerkjer seg som kulturkommune i regionen. På Bømlo er me privilegerte som har eit næringsliv og politikarar som er verdien av eit rikt kulturliv. I tillegg til våre hovudsponsorar har med gode sponsorar og samarbeidspartnarar som:



AASEN SHIPPING

OFFENTLEGE SAMARBEIDSPARTNARAR:



FESTSPILLENE  
I BERGEN



**Bømlo**  
kommune



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



Kulturdepartementet



 **BØMLO TEATER**

 Lik oss på Facebook!  
[www.bomlosteater.no](http://www.bomlosteater.no)